Tirsdag 21/6 – 11

La oss håpe vi ikke får spørsmål om akkurat hvordan økonomisk kompensasjon skal skje!

, så gror kultur-
g dette har nega-
å både reiseliv og

ne ble nådd for
og vi mente at
yr måtte bli mer
nå tatt inn i Rov-
let heter at «Det
k behandling av
nader i beitese-

at kursing av lo-
ter skal prioritere-
vektlegges at re-
beitedyrnæringa
entert blant de
taktene. Vi har
ning om felling
mulig forvalt-
det derfor som
seier at Rovdyr-
ykker at dagens
ingregime skal
em år.
en ment og me-
tem med at Di-
aturforvaltning
nale nivået) skal
for jerv, ulv og
ratisk og tar for

rafen ble utvi-
å det tilfellet at
und, noe NBSB
for.

nde-

VILLREIN

# Har villreinen det bra?

I Nationen 4. juni har Johan Vaa, leiaren i Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, eit breidt åtak på Jan Heggenes, leiar for Norsk villreinsenter sør, på Skinnarbu.

Åtaket kom etter at Heggenes hadde ein kronikk i Nationen der han i fyrste rekkje peika på at villreinen er ein art som treng store, samanhangande areal, samstundes som vi byggjer ned og fragmenterer desse areala. Heggenes peika og på det urimelege i at dei grunneigarane som ikkje legg areala sine ut til hyttebygging og liknande for å taka vare på villreinen, sit att med svarteper, fordi dei ikkje får økonomisk godtgjersle for slik alternativ arealbruk.

Etter denne kronikken ville det vore rimelig å venta at grunneigarsamskipnaden hadde gått ut og gjeve Heggenes sin fulle stønad. Men Vaa ser det ikkje slik. Han kjem mellom anna med ein feilaktig påstand om Bernkonvensjonen sine dyrevernlister. Alle hjortedyra, inkludert villreinen, står på liste III i Bernkonvensjonen, noko Vaa burde ha fått med seg. Noreg har skrive under på Bernkonvensjonen, der hovudmålet er å verna om europeiske ville dyr og planter og levestadene deira.

Når Noreg har skrive under på at dyra sine levestader skal vernast, vil dette sjølvsagt vera i konflikt med nedbygging av villreinareal. Noreg er tvert om forplikta til å sikra at leveområda er intakte. Det er rett som Vaa skriv at villrein var nær utrydda av uvettig jakt ved førre århundreskifte. At stamma etter freding har auka, er likevel ikkje eit teikn på at alt er bra i villreinfjellet. Storleiken på bestandane er nær knytt til arealstorleiken og kvaliteten på areala. Villreinarealet er vorte sterkt fragmentert og redusert, og om denne endringa i vår arealbruk skal halda fram i same takt som no, er det langt meir usikkert om villreinen vil ha det bra i framtida.

Johan Vaa har vore ein aktiv forkjempar for villreinen på Hardangervidda, og difor er det oppsiktsvekkjande at han no går til åtak på Heggenes fordi han kom med ei åtvaring mot dagens arealforvalting. Skal vi sikra at noverande bestandsmål for villreinen på Hardangervidda skal oppretthaldast også inn i framtida, seier det seg sjølv at areala ikkje kan krympast meir. I denne samanhangen må det óg koma økonomiske kompensasjonar til dei grunneigarane som, friviljug eller ikkje, avstår frå ein arealbruk som er negativ for villreinen.

**SAMANHENG**

**«Storleiken på bestandane er nær knytt til arealstorleiken.»**

**Reidar Borgstrøm**
Institutt for naturforvaltning
**Olav Hjeljord**
Universitetet for miljø- og biovitskap